

Er det då fåfengt reint å drøyme om Fred og om Rettferd? - Nå-ja; for Verda. Men ikkje for dei som trur på det sanne; for dei har Livet ei Meining, som for dei andre er Skodde og Natt. Dei høge Menneskjetankar har Verd i seg sjølv, og dei som ser og er med på det høge og rette, dei lever det sanne Menneskeliv, og står seg på det, om dei i det ytre taper på det, kan hende. Men alt det må ein skjøna sjølv; det gjeld kje for Verda.

Dagbok VI 11.8.1921

Radikal og eldhuga som ein ungdom, utrøyttande, trassig og seig heldt han på med å "hamre inn i folk", at det einaste som etter hans meining no kunde berge Noreg, ja heile verda, var at jorda, liksom luft og vatn, vart fri for alle, etter Henry George's grunntanke.

Hulda i innleiinga til dagbøkene

Den største Striden som no stend, det er den som Jesus sjølv opna: Striden mot Mammon. Eller Mammon-Satan; Djevletanken: elska deg sjølv og hata din Næste, gjeng så svært godt saman med Mammonstanken: elska deg sjølv og blås i din Næste.

Brev til biskop Peter Hognestad 3.3.1907

Innleining

Det er merkeleg nok få som veit at Arne Garborg fann fram til eit universelt livs- og samfunnssyn i sine siste år. Årsaka synest å vera at dette er blitt ignorert eller misforstått i Garborg-forskinga, men også hos folk flest, med nokre få unntak. I dag kan dette livs- og samfunnssynet verta til inspirasjon for dei som arbeider for ei ny og betre verd, for dei som veit at vi på eit eller anna vis vil møte veggen med ein økonomi og teknologi som ikkje er samordna med naturen eller økosystemet. Dette var Garborg på sporet for over hundre år sidan.

Med sitat frå dagbøker og brev, med hjelp av Tor Obrestad og Tor Lie, vil eg visa korleis Garborgs verdi- og verdssyn vaks fram, og kor uferdig det tradisjonelle bildet av nasjonalskaden er i dag. Det er minst sagt eit paradoks at det han stelte med i desse 20 åra er ukjent for dei fleste, og om folk hadde trudd på han og teke han alvorleg, kunne det ha hindra mange av krisene i verda i dag, i alle fall om den unge Winston Churchill i England, Leo Tolstoy i Russland, Sun Yat Sen i Kina og Henry George i USA hadde fiksa resten av verda.

Det fanst eit universalmenneske som likna på Garborg, som også dei siste 20 åra arbeidde for rettferd, menneskerettar og fred, som gjekk gjennom dei same fasane av barnetru, fritenking, agnostisisme for til sist å hamna i gnosis, ei spirituell frigjering frå all religion.

Dette mennesket var Albert Einstein.

Om det nasjonaløkonomiske systemet Garborg kopla saman med Jesu brorskapstanke, vert det sagt at om Marx hadde slept sine feilaktige revolusjonære idear og samarbeidd med Henry George i USA, kunne verda ha sett heilt annleis ut i dag. Kvifor skriv ingen litteraturforskarar om det? Om at det var Garborgs *Jesus-Messias*-prosess som vaska fram det livssynet han la til grunn for sin radikale samfunnsøkonomi?

Det er vanskeleg å forstå kvifor den skeive tolkinga av Garborgs siste år har fått råde grunnen så lenge. Litteraturprofessorane burde først og fremst ha innsett korleis han dei siste 20 åra konsoliderte sitt universelle verdsbilde, det han omstendeleg hadde vaska fram i bøkene sine, i ei tru på det gode, på ei von for framtida. Men i staden bagatelliserer dei både livs- og samfunnssynet hans. Ein av desse har sagt desse djupsindige orda om nasjonalskalden etter 1905: *Exit Garborg*.

Trass i at omverda etter kvart vart full av krig og dævelskap, og trass i at mest ingen ville høyra på han, var han optimistisk i sitt universelle livssyn. Frå 1905 og framover formulerer han i dagbøkene sin konklusjon, der verdissynet blir sett i perspektiv av litteraturen han har skrive. På meir enn 200 dagboksider fortel han korleis han etter kvart står støtt med dette som teologar og dei fleste litteraturforskarar ikkje vil vita noko av.

Kristne lekmenn og prestemenn har helst ynskt å ta tankane hans om kristendommen til inntekt for eigne synspunkt. I dei fem første kapitla i boka *Med lykti i hand* som kom i 2011, prøver eit knippe skribentar og teologar å framstillta Garborg som om han aldri nådde fram til

noko konkluderande livssyn. Dei presenterer han som ein *evig tvilar* som heile livet kava med religiøse spørsmål. Dei må til sist erkjenne at Garborg tok avstand frå dogmatisk kristendom, men for å nøytralisera den knallharde kritikken hans, vel dei å umyndigforklara han og gjera han til ein *evig søkjar*. Med nokre sekulære medforfattarar får prosjektet legitimitet. Slik kan dei ufarleggjere han for den kristne framtida, og halde fram med å lett-prostituera han i kyrkjene på Jæren, og i halvreligiøse syngespel. For var han ikkje ein av-og-til-kristen?

Det er ingen tvil om at Garborgs livssyn, slik han la det fram i *Jesus Messias* i 1906, korkje var ei hylling til Kyrkja eller teologien. Nokre litteratar kallar *Jesus Messias* «religionskritikk», utan å sjå dei djupare kvalitetane med parallellar til Leo Tolstoy og Mahatma Gandhi. Det kristne Norge har nå, som den gongen, vanskeleg med ein Garborg som kallar Kyrkja for *heidningkyrkja*. Derfor kan det i desse kretsane vera naturleg å tenkja at det er «farleg» å sleppa laus kjettaren Garborg, om ein samstundes skal hylla han som stor forfattar med tekster som godt kan lesast i kyrkja. Nokre kristne kommentatorar prøver å nøytralisere hans spirituelle prosess, og kallar han ein *klassisk-liberal etikar*. Saman med *den evige tvilaren*, kan ein då unngå å konfrontera kyrkjelyden med kva Garborg eigentleg stod for.

Kritikken av *Med lykti i hand* er spissformulert, men eg har sett det som naudsynt å bruke slegga når ein skal slå sprekker i det garborg-monumentet ein her prøver å reise.

Ei liknande mistyding gjeld samfunnssynet. Her vert arbeidet hans med sosialøkonomien til Henry George ofte karakterisert som *antikapitalisme*. Professor Rolv Thesen skriv i sin store biografi at Garborg er *den største antikapitalist Noreg har fostra*, trass i at Garborg i mange artiklar held fram korleis kapitalen må brukast med fornuft, for å skapa rettferd og framsteg. Slik er det ei misforståing at georgisme er eit antikapitalistisk system. Det er som å kalla Kåre Willoch for antikapitalist fordi han kritiserer kapitalistane. Det var det Garborg gjorde.

Kvart år held leiarar i finans, industri og politikk møte i *World Economic Forum* i Davos. Då kjem også den årlege rapporten om dei største trugsmåla vi står framfor, og kva som må til for å avverja desse. I *Global Risks 2014* blir 31 trugsmål vurdert av meir enn 700 spesialistar i ulike fagområde. Når ein kombinerer det mest sannsynlege som kan henda i dei neste ti åra med den største konsekvensen, ligg *Fiscal Crisis* og *Income Disparity* høgst, altså risiko for uro, opprør og samanbrot i mange land på grunn av aukande skilnad mellom dei som har og dei som ikkje har, og at dei som har, driv med korrupsjon og lurar unna å betala skatt.

Desse trugsmåla er altså større enn at det blir mangel på ferskvatn og energi, og større enn terrorisme og konsekvensane av øydelagd regnskog, hav og matjord. Men samstundes verkar desse trugsmåla saman på ein kompleks måte som ingen riktig skjønar, og ingen anar heller når vi kjem til eit såkalla *tipping point*. Ved pressekonferansen for *Global Risks 2014* sa leiaren for rapporten at bare eit heilt nytt nivå av globalt samarbeid kan møta og løysa det vi nå står framfor. Mellom folk og nasjonar krev det altså ei samkjensle og eit samspel som verda aldri tidlegare har sett maken til i historisk tid. I lys av dette kan ein sjå korleis klimakrisa åleine overskygger kva saka eigentleg gjeld.

På den måten er Garborg med kombinasjonen av Jesu brorskapstanke med Henry George sitt skattesystem heilt der framme i teten og seier noko epokegjerande om kva som skal til.

I denne boka prøver eg å visa korleis Garborg med sitt utvida syn på sjølv Livet – og på sosial og økonomisk rettferd – integrerer *øko*-logi med *øko*-nomi på ein måte som føregrip

miljørørsla, klimakrisa og problema i den globale økonomien. Nettopp dette som *World Economic Forum* nå begynner å ta på alvor.

*For pengar kan ein få alt, heiter det.
Nei, ein kan ikkje det.
Ein kan kjøpa seg mat, men ikkje mathug,
Dropar, men ikkje helse,
Mjuke senger, men ikkje svevn,
Lærdom, men ikkje vit,
Kameratar, men ikkje vener*

*Skalet av alle ting kan ein få for pengar.
Men ikkje kjernen; den er ikkje for pengar fal.*

Rolf Erik Solheim
Arvika juni 2014